



Meland kommune

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2674 - 16/22371

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

23.11.2016

Søknad om bygging av skogsbilveg på Gbnr. 5/10 Fløksand i Meland kommune

Tiltak: Bygging av skogsbilveg på ca. 70 meter i vegklasse 4.

Gbnr: 5/10

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 16.12 .2016

Meland kommune har motteke søknad frå Bjørnar Fløysand om å få byggje ein skogsbilveg på Fløksand. Det vert søkt om å få byggje ein veg i vegklasse 4 på ca. 70 meter.

Bygging av vegen vil vere eit viktig tiltak for betre tilkomst til skogen på eigedommen. God og enkel tilkomst, med minst mogleg køyring på offentleg veg og i nærleiken av bustadhus. For å drive kostnadseffektivt og sikre gode økonomiske rammer i skogbruket, er bygging av veg eit viktig tiltak for å redusere driftsutgiftene. Vegen har eit dekningsområde med ca. 100 m³ hogstmoden skog. Ein veg vil i tillegg til betre økonomiske rammer vere viktig for gjennomføring av framtidige skjøtseloppgåver. God tilkomst vil lette tilkomst ved skjøtsel, og redusere kostnadane ved gjennomføringa av skjøtselstiltak. Det vert også lettare for eigar å halde oppsyn med skogen ved ein enkel tilkomst. For å kunne gjennomføre skjøtselstiltak til rett tid er det viktig å halde oppsyn med skogen. Det er også viktig i samband med ulike hendingar som storm m.m.

Vegen er også planlagd nytta i samband med produksjon av ved for sal, søker driv med vedproduksjon og vegen vil gjere køyreavstanden til tørkeplass frå redskapshus. Vegen vil også gjere at søker ikkje treng å køyra med lass på offentleg veg.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, Kap.3 sakshandsaming, vedtak og vilkår mv § 3 - 1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1 - 1. Kommunen ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommunen og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen sender også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilvegar.

Vedlagt følgjer søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Søknad landbruksveg Gbnr. 5- 10 med kart

Kopi til:

Bjørnar Fløysand

Vestbygdvegen 4 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune v/
kultur- og idrettsavdelinga

5020

BERGEN

Meland kommune

v/kulutravdelinga